

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 19.10.2007
Sakhandsamar: Ingvill Skogseth
Saka gjeld: **Regional plan for helsemessig og sosial beredskap**

Arkivsak 0
2007/498/004
Styresak 097/07 B

Styremøte 08.11. 2007

Bakgrunn

Lov om helsemessig og sosial beredskap krev at verksemder i den offentlege helsetenesta, herunder dei regionale og lokale helseføretaka har utarbeida helseberedskapsplanar. Ifølge lova plikter føretaka og institusjonane å utarbeide beredskap for verksemda for å verne befolkningas liv og helse og bidra til at nødvendig helsehjelp kan gis ved kriser og katastrofar i fredstid og ved eventuell krig.

Lova med forskrift og merknader utgjør samen med lov om spesialisthelseteneste og Oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet utgangspunktet for arbeidet med helseberedskapsplanlegging og beredskapsarbeid i Helse Vest RHF.

Helse Vest RHF utarbeidde den første beredskapsplanen innan fristen den 1. juli 2003. Det blei bestemt at planen skulle rullerast kvart tredje år.

Det er no utarbeida forslag til rullert Regional plan for helsemessig og sosial beredskap. Overordna nasjonal helse- og sosialberedskapsplan har vært førande for den regionale planen. Safetec Nordic AS har vært konsulent i prosessen.

Representantar frå helseføretaka har vært sentrale i arbeidet, og har i fleire rundar gitt innspel til planverket. Planverket har også vært til høyring i helseføretaka. Det kom inn mange gode og konstruktive høyringssvar og det som har vært relevant er innarbeida i planverket.

Forslag til rullert Regional plan for helsemessig og sosial beredskap blir her lagt fram for styret til godkjenning.

Kommentarar

Planverket er omstrukturert og forenkla ein del i høve til den første beredskapsplanen. Planverket er også i større grad samordna med tilsvarande planverk i dei andre helseregionane. Det rullerte planverket skal spegle Overordna nasjonal helse- og beredskapsplan. Det har vært eit mål at planverket skal oppfylle alle krav som er gitt i lov og forskrift.

Planverket består av tre deler:

- Regional plan for helsemessig og sosial beredskap for Helse Vest RHF
- Planretteleiar for HF i Helse Vest
- Intern beredskapsplan for Helse Vest RHF

Regional beredskapsplan for Helse Vest RHF er bygd opp i ein administrativ og ein operativ del med tilhøyrande vedlegg.

Planretteleiar for HF i Helse Vest er generell og er meint å være rettleiande for helseføretaka si vidare beredskapsplanlegging/oppdatering av eksisterande planverk. Planretteleiaren gir ei ytterlegare detaljering og beskriving til hjelp for utarbeiding/rulling av planverk på helseføretaksnivå. Plankrava er utleia frå lov og forskrift og følgjer paragrafane i forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid. Ein beredskapsplan på HF-nivå skal bidra til at nødvendige og forsvarlege helsetenester kan gis befolkninga ved kriser og katastrofar i fredstid og ved krig. Planverket skal legge grunnlaget for kontinuerlig arbeid med forbetring og kvalitetssikring av helsemessig beredskap, på lokalt og regionalt nivå.

Intern beredskapsplan for Helse Vest RHF beskriver den interne beredskapsordninga som er etablert for å sikre at Helse Vest RHF på best mulig måte skal ivareta egen drift og støtte underliggjande HF i beredskapssituasjonar. Dette planverket er bare distribuert internt i Helse Vest RHF.

Planverket inneheld også ei beskriving av organisering og etablering av helseteam i regionen. Vidare er det arbeida mykje med informasjonsberedskapen og handtering av psykososiale kriser. Det er også lagt vekt på å få ei tydeleg beskriving av varslingsrutinar ved regionale katastrofar.

Helse Vest RHF legg til grunn at alle helseføretak justerer sine egne planverk i tråd med dei føringane som er gitt gjennom arbeidet med denne planen. Beredskapsplanane skal gjere oss i stand til å tilby nødvendige tenester ved kriser og katastrofar i fredstid og ved krig.

Basis for helseberedskapen i Helse Vest er den daglege beredskapen i dei lokale helseføretaka og i dei institusjonane som har avtale med Helse Vest RHF om å yte helsehjelp.

Helse Vest RHF har ikkje ein operativ rolle i handteringa av ein beredskapssituasjon med unntak av at det er etablert ein leiingsberedskap og ein informasjonsberedskap som blir aktivert ved behov.

Forslag til vedtak

1. Styret godkjenner forslag til rullert Regional plan for helsemessig og sosial beredskap. Planen blir lagt til grunn for det vidare arbeid med beredskap i Helse Vest RHF.
2. Helse Vest RHF legg til grunn at alle helseføretak justerer sine egne planverk i tråd med dei føringane som er gitt gjennom arbeidet med denne planen. Dette blir innarbeida i styringsdokumentet for 2008 til helseføretaka.